

Referat frå FAU-møte 25.09. kl. 19.00

Onsdag 25. september 2024 kl. 19.00 – 21.00

Møtestad: Auditoriet i Firkløveren.

11/24 Presentasjon av representantane og godkjenning av sakliste

1A: Christian Moltu Moltu, 1B: Bjørn Tore Hellesøy, 1C: Erlend Grøtnebø (vara)

2A: Cathrine Ekehaug, 2B: Endre Rosvoll Langset 2C: Ingen rep. møtte

3A: Linda Nesdal, 3B: Roy Inge Råheim, 3C: Toril Marie Terum

4A: Marie Fossheim, 4B: Gunnhild Sande (vara)

5A: Endre Rosvoll Langset, 5B: Rune Soleide, 5C: Merete Tollefsen

6A: Raket Boge, 6B: Astrid Solheim Korsvoll

7A: Gunnhild Sande, 7B: Åge Avedal (vara), 7C: Riyas Hazeem

12/24 Informasjon om FAU

Rektor informerer nye medlemmer om kva FAU jobbar med. Etter ønske frå FAU, vart ein samde om at rektor sender ut referat frå FAU-møter via Visma til alle føresette. Dersom foreldre ynskjer at FAU-representantane skal ta opp saker på vegne av dei føresette, kan dei ta kontakt med representanten for den aktuelle klassen via e-post. Oversikt over representantane finn ein på Slåtten skule sine heimesider.

Sjå Slatten.no

[Kva er FAU](#)

13/24 Val

Leiar: Christian Moltu

Nestleiar: Bjørn Tore Hellesøy

Kasserer: Torje Hirth

Sette saman:

Legene-gruppa: Elin Vallestad O., Kristian Moltu, Endre Langseth, Rune Soleide og Gunnhild Sande

Miljøgruppa: Katrine Ekehaug, Astrid Solheim Korsvoll, Rakel Boge, Marie Fossheim og Linda Nesdal

Trafikk og skuleveg: Roy Inge Råheim, Riyas Hazeem, Nina Skjerven og Bjørn Tore Hellesøy

14/24 Trafikktryggleik og sykling til skulen.

FAU støttar framleis oppmodinga om å vente med å sykle utan følgje av ein vaksen til skulen til eleven går i 5. klasse. Trygg Trafikk tilrår at born er 10 til 12 år før dei syklar åleine i blanda trafikk.

Kommentar frå FAU-representant: utfordring med bilar som parkerer i busslomma og foreldre som stoppar i vegkanten for å sleppe av ungane sine, og dette kan skape trafikkfarlege situasjonar.

Dette har vore teke opp gjentekne gongar. Det beste framlegget som har kome (men som ikkje er iverksett enno), var at ein kunne ha laga ei av/på-stigingssone på veg nedover mot Førde, like etter utkøyringa frå parkeringsplassen.

Kommunen har vedteke ein trafikktryggingsplan. Tanken er at alle skular skal ha ei såkalla «hjartesone». Slåtten har ei slik sone, fordi dei har bilfrie tun. Det som skapar utfordringar, er området rundt parkeringa, der føresette set av og hentar ungar.

Kommentar frå FAU-representant: informasjonen frå skulen ut til foreldra om kva som er lov og ikkje, må vere mykje tydelegare.

Framlegg: Trafikk -og skuleveggruppa kan jobbe vidare med om ein skal ha haldningskampanjar for å motivere borna til å gå til skulen (eventuelt foreldra saman med borna), og «hjartesona» på skulen.

Kommentar: kven har mandat til å gjennomføre tiltak? FAU si trafikk-gruppe kan kome med framlegg, men har ikkje mandat til å iverksetje tiltaka.

Framlegg: ta kontakt med vedkomande som har ansvar for Trafikktryggingsplanen.

Rektor og Roy Inge Råheim i trafikk-gruppa vil ta dette vidare og ta kontakt med kommunen som kan hjelpe skulen vidare med å gjere skulevegen tryggare.

15/24 Informasjon om framdrifta på Legene.

Dei nye vindauga til sperrestova på Legene er laga og montert. Sperrestova er restaurert og klar til å fraktast opp på Legene. Muren den skal stå på er og klar. Det må skjerast torv til taket.

Det må ein dugnad til for å skjere og leggje torv på taket på den nye sperrestova. Kristian Moltu vil ta kontakt med Einar Fossheim for å planlegge når ein kan få dette arbeidet gjort.

16/24 Sosiale media

Cathrine Ekehaug jobbar som kommunikasjonsrådgjevar i Norec. Ho presenterte korleis ein kan jobbe systematisk med aldersgrenser i sosiale medium. Ho snakka om at digital mobbing er eit aukande problem, og at SoMe er skadeleg for den mentale helsa til ungdom. Ho snakka om at fleire arbeider for at ein skal få auka aldersgrensa for SoMe til 16 år. Undersøkingar syner at det er ei stor auke i barn og unge som ser skadeleg og valdeleg innhald på SoMe. Ho nemner Våland skule i Stavanger, der FAU i 2021 la sin eigen strategi for sosiale medium. FAU gjorde fleire tiltak, mellom anna bad dei skulen om å ha sosiale medium som fast punkt på alle foreldremøte (frå 1.-7. klasse), skulen sender ut informasjonsskriv om sosiale medium og hadde foreldrekveldar. Dette var veldig vellukka fordi dei stod saman og jobba aktivt for dette. Mellom anna oppnådde dei at i ein 7. klasse var det nesten ingen av jentene som er på sosiale medium. Liknande tilfelle ved Grødem skole i Randaberg (2023).

Ekehaug ynskjer å ha med FAU på å setje i gong eit tilsvarande tiltak på Slåtten skule. FAU stiller seg bak dette og vil setje i gong via miljøgruppa. Katrine Ekehaug seier at ho vil bidra i miljøgruppa. Tanken er å starte på Slåtten skule. Vi bør få med alle i Sunnfjordsskulen på sikt.

17/24 Godkjenning av møteplan

Denne møteplanen vart vedteken:

Møteplan for FAU	Møteplan for SMU/ SU
Onsdag 25.09.24 kl.19.00	Onsdag 27.11.24 kl.18.00
Onsdag 05.02.25 kl.19.00	Tysdag 27.05.25 kl.18.00
Onsdag 23.04.25 kl.19.00	

18/24 Bruk av smartklokker, sjå trivselsreglane.

Elevar kan ha på seg smartklokke. Denne **skal** vere i skulemodus heile skuledagen og i SFO-tida.

Det fører til ein endring av trivselsreglane på Slåtten:

Gammal ordlyd:

Mobiltelefon eller anna elektronisk avspelings- eller kommunikasjonsutstyr skal vere avslått og ligge i sekken. Du har utstyret med på eige ansvar. Skulen er ikkje erstatningspliktig dersom utstyret vert vekke.

Dersom nokon bryt denne regelen, skal utstyret takast inn for resten av dagen. Ved gjentekne brot på regelen vert foreldra kontakta og utstyret utlevert etter avtale med dei.

Ny ordlyd

Mobiltelefon skal vere avslått og ligge i sekken. Smartklokker skal stå i skulemodus i skule- og SFO-tida. Du har utstyret med på eige ansvar. Skulen er ikkje erstatningspliktig dersom utstyret vert vekke.

Dersom nokon bryt denne regelen, skal utstyret takast inn for resten av dagen. Ved gjentekne brot på regelen vert foreldra kontakta og utstyret utlevert etter avtale med dei.

*Rektor kom med innspel om at borna ikkje bør ha bilete av seg sjølv og ein/fleire «bestevener» på klokka. Dette kan føre til at andre føler seg utanfor.

19/24 Ymse

Bosspann

Det har vore tilfelle i Grindabygget der det har lagt igjen flasker og anna avfall som foreldre som bur i nærområdet ynskjer å kunne hjelpe til å plukke opp og kaste. Det bør derfor vere ei avfallsbøtte ved Grindabygget.

Referent

Rakel Boge